



IKA
HORDALAND

2021

ÅRSRAPPORT

INTERKOMMUNALT ARKIV
I HORDALAND IKS

www.ikah.no

Innleiing

Året 2021 vart prega av driftsforstyrningar som følgje av pandemien. Arbeidskvardagen vart i enkelte periodar flytta heim til folk. Dei som laut vere fysisk på jobb, arbeidde under strenge smittevernrestriksjonar. Hovudfokuset vart å finne rett balanse mellom å ivareta dei tilsette og levere arkivfaglege tenester som eigarkommunane trong.

Auka fokus på digital tilgjenge til historisk dokumentasjon, tilsyn frå arkivmyndigheitene og etterslep frå kommunesamanslåingane danna mykje av bakteppe for den faglege drifta.

Ombygginga av kontora vi leiger av Bergen Byarkiv, til aktivitetsbaserte arbeidsplassar, fordra deltaking i planleggingsarbeid av nytt bygg. Planen er å flytte inn i erstatningslokale sommaren 2022. Byggearbeida er planlagt å ta eit år og skal vere ferdig sommaren 2023.

I desember vedtok fylkestinget i Vestland å gjere ei utgreiing av samarbeid og organisering av dei kommunale arkivinstitusjonane i Vestland. Rapporten skal leverast sommaren 2022.

Vi arbeider kvar dag med å gje folk likeverdig og berekraftig tilgang til demokratiske rettar, eigen historie og felles kulturarv. Vi trur på ein visjon om at kulturarva og retter må vere tilgjengeleg nær folk, og aller helst digitalt frå deira eige stove. Av arbeide som er gjort i året som gjekk, vil eg difor trekkje fram digitaliseringa av kulturarva. Kommunar som eig oss er no blant dei som har størst mengd kulturarv digitalt tilgjengeleg på Digitalarkivet.

I desember starta vi og ein pilot saman med Arkivverket for å sjå på Digitalarkivet som løysing for bevaring av digitalt skapte arkiv. Vi trur på nasjonale fellesløysingar som eit verkemiddel for god ressursnyting, samordning og samarbeid. På den måten bidreg vi og til å skape varige verdiar for kommunane og er med på å gje FN s bærekraftmål innhald.

Rune Lothe

Dagleg leiar

Bergen

Innholdsliste

Organisasjon	4
Representantskap	4
Styret	5
Samfunnsoppdrag, visjon og verdier	5
Berekraft	5
Organisasjon og personale	6
Helse, miljø og tryggleik	6
Samarbeid med andre og kjøp av tenester	7
Utvikling og kompetanseheving	7
Økonomi	8
Byggeprosjektet 2020-2023	9
ARBEIDE FOR EIGARANE	10
Basistenestene	11
Utvikling, samarbeid og formidlingsaktivitetar	11
Kommunekontaktordninga	14
Depottenestene	15
Oppdragstenestene	19

Organisasjon

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS, vart stifta i 1987. Selskapet er eigd av 24 kommunar i tidlegare Hordaland fylke. Vi har 10 faste årsverk og er samlokalisert med Bergen Byarkiv i Hansaparken. Saman med Bergen Byarkiv forvaltar vi arkiv, rettar og kulturarv for nær 500 000 innbyggjarar i Vestland fylke.

Tabell: 1 Eigarkommunar og eigardel.

Kommune	Eigardel	Kommune	Eigardel
Alver kommune	6,2 %	Masfjorden kommune	3,3 %
Askøy kommune	6,2 %	Modalen kommune	3,0 %
Austevoll kommune	3,6 %	Osterøy kommune	4,0 %
Austrheim kommune	3,4 %	Samnanger kommune	3,4 %
Bjørnafjorden kommune	5,7 %	Stord kommune	5,1 %
Bømlo kommune	4,4 %	Sveio kommune	3,7 %
Eidfjord kommune	3,2 %	Tysnes kommune	3,4 %
Etne kommune	3,5 %	Ullensvang kommune	4,3 %
Fedje kommune	3,2 %	Ulvik herad	3,2 %
Fitjar kommune	3,4 %	Vaksdal kommune	3,5 %
Kvam herad	4,0 %	Voss herad	4,7 %
Kvinnherad kommune	4,5 %	Øygarden kommune	7,1 %

Føremålet med selskapet er å legge forholda til rette for kommunane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner. Det betyr at vi skal arbeide i tråd med føremålsparagrafen i arkivlova og for at verdifullt arkivmateriale vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, samt gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle føremål.

Representantskap

Representantskapet er selskapet sit øvste organ. Eigarmøte vart helde 28.01.2021 og ordinært representantskapsmøte vart heldt onsdag 28.04.2021 på teams.

Leiar og nestleiar i representantskapet

Leiar: Svein Helge Hofslundsengen, Masfjorden kommune.

Nestleiar: Anne June Iversen, Askøy kommune.

Valnemnd

Leiar: Bjarte Stølås, Sveio kommune

Medlem: Trude Buene Birknes, Kvam herad

Medlem: Alis Lund Johansen, Ulvik herad

Styret

Styret si oppgave til er å realisere føretaksfilosofien, forventingane og hovudmåla som eigarane vedtek på representantskapsmøte. Styret har fem representantar, fire valt av eigarane på representantskapsmøtet, og ein frå dei tilsette. Dagleg leiar fungerer som styret sin sekretær og sakshandsamar.

Styret før representantskapsmøte 28.04.2021

Leiar:	Birte Young	
Nestleiar:	Rune Heradstveit	1.Vara: Jenny Aanderaa
Styremedlem:	Bente Skjerping	2.Vara: Sigrid Laupsa
Styremedlem:	Jarle Nakken	3.Vara: Terje Geithus
Tilsettrepresentant:	Inge Vikane	

Etter 28.04.2021

Leiar:	Birte Young	1.Vara: Turid Askeland
Nestleiar:	Rune Heradstveit	2.Vara: Jenny Aanderaa
Styremedlem:	Jarle Nakken	3.Vara: Terje Geithus
Styremedlem:	Sigrid Laupsa	
Observatør tilsette:	Jørn Harald Grov	

I løpet av 2021 har styret helde fem styremøte og handsama 42 saker. Alle møta har vore arrangert via teams. I tillegg til å handtere selskapet si forvaltning økonomi og drift, har styret arbeidd med, handtering av Covid19 pandemien, leveransar i samband med verksemda sin strategi frå 2020-2023, tenesteavtalar og utvikling av samarbeidet med Bergen Kommune.

Samfunnsoppdrag, visjon og verdier

Samfunnsoppdraget vårt er, å gje innbyggjarane i kommunane ei likeverdig og berekraftig tilgang til dei offentlege arkiva, demokratiske rettar, egne rettar og felles kulturarv.

Verdiane vi legg til grunn for i arbeidet vårt, finn ein i ICA sine yrkesetiske retningslinjer for arkivarar og i vår eigen etikkplakat, som vi har kalla raus og ryddig. Raus er korleis vi skal opptre ovanfor kvarandre som kollegaer og ryddig er skal opptre ovanfor eigarane våre.

Berekraft

Eigarkommunane har forventingar om at bærekraftmåla skal leggjast til grunn for vårt arbeide med deira arkiv. Ut frå dette, er det valt ut sju bærekraftmål der vi gjennom vår drift skal yte bidrag til kommunane sitt berekraftsarbeide. Desse sju bærekraftmåla er:



Organisasjon og personale

Grunnbemanninga skal vere 10 faste årsverk. Av desse er 5 årsverk finansiert gjennom basis og depottenestene og 5 årsverk gjennom oppdragsverksemda og oppdragsavtalar.

Dei siste åra, har turnover og utskifting av personale vore på 37,5%. Grunna ombygginga av dei kontora og nærmagasina vi leiger, valte vi å starte eit prosjekt for å framskunde arbeid då vi vil få mindre areal i nye lokale. Det har difor vore høg bruk av midlertidig tilsette dei siste åra. Når vi flyttar til erstatningslokala vi skal vere i fram til byggeprosjektet er ferdig, vil bruk av midlertidig sysselsette gå ned.

I meldingsåret utførte faste tilsette 8,3 årsverk som er ei auke på 2,2 årsverk frå året før. Midlertidig tilsette og innleigde utførte 6,6 årsverk. Dette er ein nedgang på 3,7 frå året før.

Kommunanes Sentralforbund og Samfunnsbedriftene, som er vår arbeidsgjevarorganisasjon, oppfordra verksemdar til å ta inn sommarvikarar under pandemien. Vi sysselsette difor 13 studentar som sommarvikarar, då arbeidsmarknaden for denne gruppa var vanskeleg.

Tabell 2. Nøkkeltal frå organisasjon

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Antall sysselsette	23	26	31	+ 5
Antall årsverk faste	6,4	6,1	8,3	+ 2,2
Årsverk midlertidige	9,1	10,3	6,6	-3,7
Menn	13	15	16	+1
Kvinner	10	11	15	+4
Samla årsverk	15,5	16,4	14,9	-1,5
Lønn og sosiale utgifter pr. årsverk	935 265	786 179	637 334	na ¹
Lønnsandel av driftsutgifter	40 %	33 %	39 %	+ 5 %
Sjukefråvær	4,4 %	5,6 %	2,9 %	- 48 %

Tilbakeføringar frå KLP, refusjonar i samband med sjukdom, permisjon og vakansar i 2020 og i 2021 resulterte lågare lønnsutgifter pr. årsverk.

Helse, miljø og tryggleik

Vi har avtale med Volvat bedriftshelseteneste. Tenesta skal dekke behovet for oppfylging i forhold til helse miljø og tryggleik i samband med arbeidsmiljølova sine føresegner. Volvat bedriftshelseteneste har i meldingsåret støtta med råd og rettleiing i høve smittevern og arbeidsmiljøkartegging, eit arbeide som og skal fortsetje i 2022.

Sjukefråvær i 2021 har vore 2,9% noko som er ein nedgang frå året før. Vi har ikkje hatt ulykker på arbeidsplassen i meldingsåret. Inge Vikane er verneombod for verksemda.

¹ Tilbakeføringar frå KLP og refusjonar i samband med sjukdom, permisjonar og vakansar i 2020 og 2021 gav lågare lønnsutgifter pr. årsverk både i 2020 og 2021.

Samarbeid med andre og kjøp av tenester

Samarbeid med andre er både eit mål og eit verkemiddel for oss. Vi har og ein policy på at der kvalitet og pris tilseier det, skal vi velje verksemdar i lokalt næringsliv framfor andre. Vi samarbeider difor på drift og innkjøp av IKT-utstyr og tenester med IKT-Nordhordland. Løns- og rekneskapstenester kjøper vi frå Hardanger Økonomiservice og vi nyttar UniEconomy frå Modalen sitt lønssystem.


I gjennom året, vart det teke initiativ til fagleg samarbeid med Vestland Fylkeskommune og Statsarkivet i Bergen gjennom digitalisering og arkiv for dei. På fylkesnivå er det eit politisk ynskje om auka samarbeide arkivinstitusjonane i mellom. Fylkestinget har vedteke at eit slikt samarbeid skal regulerast gjennom samarbeidsavtalar.

Vi teikna ei slik samarbeidsavtale med Bergen Byarkiv i mai 2021 om deling av kompetanse og lokale. Det er foreløpig ikkje teikna avtale med Vestland fylkeskommune.

Utvikling og kompetanseheving

I løpet av meldingsåret, arbeidde vi med utvikling og kompetanseheving blant dei tilsette. Vår policy er å ansvarleggjere og leggje til rette for at kvar enkelt tilsette kan utvikle eigen kompetanse. Tilsette får difor sin eigen kompetansepotte som dei bruker på å vedlikehalde og heve eigen kompetanse.

Ved utgangen av meldingsåret hadde over 40% av dei faste tilsette høgskuleutdanning innan arkivforvaltning. Det vart og gjennomført høgskuleutdanning innan GDPR.



Økonomi

Omsetninga gjekk ned frå året før. Dette skuldast driftsforstyringar som fylgje av pandemien, ein krevjande kontorsituasjon og byggeprosjektet.

Eigartilskotet frå kommunane er fordelt på ein fast grunnsom som er lik for kvar kommune samt eit kronebeløp pr. innbyggjar. Færre kommunar i samband med kommunereforma førte til nedgang i eigartilskotet i 2020. Omsetninga auka likevel då tilskot vart då erstatta av at kommunane kjøpte meir arkivtenester gjennom oppdragsavtalane.

Salsinntektene er fordelt nokolunde likt mellom depotavtalane og oppdragsavtalane. I frå året før, var det ein større nedgang. Dette skriv seg frå utfordringane kring smittevern og talet på tilsette vi kunne ha på jobb i lokala vi leigde. Det førte til at vi ikkje klarte å levere like mange fakturerbare timar i oppdragsavtalane som året før.

Tilskot frå statlege, andre eller utviklingsmidlar har dei siste åra bidrege positivt til at vi kan utvikle det faglege arbeidet vårt.

Tabell 2. Nøkkeltal frå organisasjon

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Eigartilskot	3782	2960	3086	+126
Salsinntekt	14718	15933	15142	-791
Tilskot, statlege og andre	100	85	150	+ 65
Sum inntekter	18600	18978	18378	-600
Lønn og sosiale utgifter	7388	5 896	6245	+ 349
Husleige	3264	3390	3622	+ 232
Andre driftsutgifter	7936	8743	6267	-2476
Sum utgifter	18588	18 029	16134	-1895
Resultat	12	948	2247	+ 1299

Utgiftssida

Både pandemi, permisjonar og turnover har ført til at fleire årsverk har stått vakant deler av året. Den same situasjonen hadde vi året før. Refusjonar samt at vi fekk tilbakeført ein større sum frå KLP førte til lågare kostand for lønn og sosiale utgifter enn budsjettert.

Arkivmagasina vart utvida med 3000 hyllemeter i løpet av året. Det førte til auka husleige. Andre driftsutgifter gjekk kraftig ned gjekk ned då vi kjøpte færre tenester enn året før. Dei høge driftsutgiftene dei to føregåande åra, skuldast blant anna kjøp av tenester i samband med at vi tok i mot store mengder arkiv som eit resultat av kommunereforma. Det påkom og ein del meir driftsutgifter i 2020 då vi var naud å bli meir digitale då pandemien brått kom.

Resultat, egenkapital og investeringar

Dei siste åra er det levert positive årsresultatet. Det gjer at vi over tid har opparbeida oss ein solid egenkapital. Dei siste åra er det gjort investeringar i forhold til digitalt utstyr og programvare til digitisering og innsyn. Investeringane vil gje kortare sakshandsamingstid og gjere større del av arkiva digitalt tilgjengeleg. Det er planlagt nye investeringar i forhold til digitalt sikringsmagasin, innsynsløysingar og tilpassing av verksemda til det digitale skifte.

Byggeprosjektet 2020-2023

Hausten 2020 varsla Bergen Byarkiv at det var sett i gang eit 3-årig program for å sjå på korleis ein kunne redusere leigd areal i Hansaparken. Kontora skulle og byggast om til aktivitetsbasert arbeidsplass i tråd med arbeidsplasskonseptet for Bergen kommune. Det skulle og gjerast tiltak for betre sikring i arkivmagasina.

Vår noverande husleigeavtale skal reforhandlast innan desember 2022. Vi har ein opsjon i avtala som gjer at vi kan leige fram til 2042. Ein stor del av investeringskostnadene i forhold til arkivmagasina vil vere nedbetalt i 2026.

Sidan sommaren 2009, då vi flytta til Hansaparken, har vi hatt kontor i 3 ulike bygg fordelt over 5 etasjar. Vi har og hatt arkiv i 5 ulike magasin. Det er eit overordna mål at vi gjennom ombygginga skal klare å samle dei tilsette og arkiva i gode funksjonelle lokale som kan gje ei meir rasjonell drift.

Eit meir kompakt og moderne kontorbygg vil redusere ikkje brukbart areal, gje auka grad av sambruk, samt opne for nye samarbeid med Bergen kommune. I det nye bygget vil våre tilsette sitje samla i ei eiga heimesone. Vi vil disponere 10 arbeidsplassar fordelt mellom skjerma arbeidsplassar, opent landskap, multirom og ordning / digitaliseringslokale.

Arkivmagasin er føremålslokale som både er kostbare å byggje og drifte. Ei slik investering bør ha ein horisont på 40-60 år framover i tid. Det gjev då meining å gjere dette saman med andre kommunar for å dele kostnadar. I ei reforhandla avtale med Bergen kommune er det lagt opp til at vi skal disponere to eigne magasinlokale i fjellanlegget. Det vil sikre verksemda og eigarkommunane magasinkapasitet i lang tid framover.

Det er framleis store areal i fjellet som ikkje er utbygd. Byarkivaren har gjort det klårt at utbygging av desse magasinane er avhengig av eit samarbeid mellom fleire arkivinstitusjonar. Vestland fylkeskommune har vedteke at dei skal byggje på Leikanger framfor Hansaparken. Det ser difor ut til at det ikkje vert bygd ut meir arkivmagasin i Hansaparken i nær framtid.

Vi har avtalar om arkivmagasin med Arkivverket, på Årstad og med Industriarkivet i Odda som strekker seg fleire år framover. Det vil og bli satt i gang kartlegging for å sjå på behovet for meir magasinplass. Både ordning og mediekonvertering kan erstatte behovet for å leige arkivmagasin.

ARBEIDE FOR EIGARANE

Basistenestene

Basistenestene er tenester som alle eigarane mottek og som vert dekkja av det årlege tilskotet som kvar enkelt kommune yter til selskapet. Tenestene omfattar, utvikling og innovasjon, digitalisering av kulturarva, frivilligordninga, formidling, kommunekontaktordninga, rådgjeving og faglege kurs.

Utvikling, samarbeid og formidlingsaktivitetar

Strategiplanen fram mot 2023 inneber at vi skal utvikle tenestene eigarane mottek, og leite etter nye og betre måtar å gjere ting på. FN sine bærekraftsmål for innovasjon, infrastruktur og samarbeid skal utgjere ein grunnmur for dette arbeidet.

Bruk av frivilligheit

Dei siste åra, har vi utvikla eit samarbeid med studentar ved Universitetet i Bergen om frivilligheit i samband med digitisering av kulturarva. Det er no etablert ei skannelinje som er bemanna med frivillige frå frivilligprosjektet.

Våren 2021 har Halvor Eriksen, Edwina Francis og Harry Lawford Lewis vore i praksis ved IKA Hordaland.

Våren 2021 eit deltok dei frivillige i eit skanneprosjekt som fekk namnet skulestyret abc. Her vart det skanna over 160 protokollar frå skulestyra i arkiv frå eigarkommunane våre. Samla sett skanna studentane over 20 000 bilde som vart publisert på Digitalarkivet.

Praksisstudentane

Våren 2021 har IKA Hordaland teke imot tre praksisstudentar frå Universitetet i Bergen (UiB) gjennom studieemnet AHKR201 «Praksis i arbeidslivet». Emnet er knytt til Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap. Dette er eit emne som gjev 15 studiepoeng og skal gje studentar fagleg kompetanse gjennom deltaking i arbeidsoppgåver som kan vere relevante for studieretninga deira.



I tillegg til å delta i generelle arbeidsoppgåver ved arkivet, skreiv dei og artikkel og skanna og publiserte arkiver etter provianteringsråda frå rundt fyrste verdskrigen. Dei tre fekk og jobb som sommarvikararar etter endt praksis.

Arkivdagen 2021

Arkivdagen vart arrangert laurdag 13. november. Arkivinstitusjonar over heile Norden arbeider då for å vekker interesse for arkiva som eit kollektivt minne for samfunnet. Tema for arkivdagen i 2021 var, born i arkiva.

Vi samordna og markerte arkivdagen saman med eit omfangsrikt kjeldeslepp på nett i samarbeid med fylkesarkivet i Vestland, Byarkivet, Statsarkivet og spesialsamlingane ved UIB. I tillegg til digitisering og slepp av protokollar etter fattigstyret vart det bidrege med artiklar på nett i sosiale media og i Bergensavisa, Bergens Tidende og Askøyværingen.

Minnemateriale etter 22 juli.


I samband med 10-årsdagen for terroråta i regjeringskvartalet og på Utøya 22. juli 2011, to IKA Hordaland IKS initiativ til å samle inn kondolansesprotokollane som vart lagt fram i eigarkommunane våre. I alt vart det henta inn minnemateriale frå 15 kommunar. Materialet vart ordna, registeret i ASTA og katalogane publisert på Arkivportalen.no

Som ein del av basistenestene skal vi formidle og gje informasjon til brukarar av arkiv. Dette gjer vi mellom anna gjennom artiklar i

fagtidsskrift, sosiale media og på nettsida. Vi deltek og i ulike faglege samarbeid. Eit av dei større prosjekta vi har hatt dei siste åra har omhandla Finnås kommune, på Bømlo.

Norges fyrste heildigitale kommune Finnås prosjektet I

Under Kommune Arkiv institusjon (KAI) konferansen i Trondheim i september (dato) heldt vi fordrag for eit samla arkivmiljø om vårt arbeide med å digitisering av kulturarva.



Det som er av arkivmateriale etter Finnås kommune (2008-2016), er nå skannet og tilgjengelig gjennom Finnås kommunes arkivportalen. Dette er et viktig skritt i arbeidet med å digitalisere og gjøre arkivmateriale tilgjengelig for brukere.

FINNÅS KOMMUNE
Arkivsak ID 22/1113

Finnås kommune er en av de mest idylliske kommunene i Norge. Kommunen ligger på Bømlo, og har en fantastisk utsikt over fjord og fjell. Kommunen har en lang historie, og har vært en viktig del av regionen i mange år. Kommunen har også en rike kulturarv, og har mange interessante steder å besøke. Kommunen har også en sterk økonomi, og har mange arbeidsplasser. Kommunen har også en god infrastruktur, og har mange gode kommunale tjenester. Kommunen har også en god samarbeid med andre kommuner i regionen. Kommunen har også en god samarbeid med andre kommuner i regionen.

OM KAI
Kommune Arkiv Institusjon (KAI) er en samarbeidsorganisasjon mellom kommuner og fylkesarkiver. KAI har som mål å fremme og utvikle arkivvesen og arkivmateriale i kommunene. KAI har også som mål å gjøre arkivmateriale tilgjengelig for brukere. KAI har også som mål å gjøre arkivmateriale tilgjengelig for brukere.

[Artikkel i Arkheion 2/2021](#)



Finnås vart oppretta i 1838 og eksisterte fram til 1916. Alt av arkivmateriale etter historiske Finnås er skanna og gjort tilgjengeleg på Digitalarkivet. Samlinga er slik å rekne som Noregs fyrste heildigitale kommune. Prosjektet vart omtala i fagtidsskriftet Arkheion 2/2020 og seinare i både Kommunal Rapport 03.02.2021, på Arkivverket sine heimesider 05.02.2021. og av Arkivar ved Statsarkivet Marianne Herfinndal, i BT publisert 29.08.21.

Samarbeid med Vestland fylkeskommune – Finnås prosjektet II

I 2021 inviterte vi Vestland fylkeskommune til eit samarbeid om å få skanna Bømløen forenede Grubekompani er skanna. Målet var å komplimentere Finnås I prosjektet, slik at vi digitalt kunne skape ein meir heilskapleg samfunnsdokumentasjon kring historiske hendelser på Finnås frå midten av 1850 talet og fram til århundreskiftet. Prosjektet resulterte og i ein artikkel i fagtidsskriftet Arkheion nr. 2 i 2021.



Aktørprosjektet del II

Under KAI - konferansen overrekte vi også Aktørprosjektet del II til Riksarkivaren. Standardisering er nødvendig dersom ein skal lukkast med digitaliseringa av kulturarva. I 2020 samarbeida vi med Arkivverket og Norsk samfunnsvitskapleg datateneste (NSD) om standardisering av skiljing av kommunale arkivskaparar / aktørar. Arbeidet hausta god omtale i fagmiljøet. I tillegg ein digital katalog vart det publisert hefter på båe målformer som skildra 20 standardiserte arkivskaparar frå perioden etter 1965. Prosjektet fekk og tilskotsmidlar frå Arkivverket. Det vart og skrive artikkel om prosjektet i fagtidsskriftet Arkheion.

Aktørbeskrivelser for kommunal sektor

Ny og utvidet utgave av Aktørbeskrivelser for kommunal sektor er ferdig. Sammen med første utgave inneholder katalogen nå beskrivelser av 40 kommunale arkivskapere etter 1965. Beskrivelsene er tilpasset ASTA/ Arkivportalen og kan brukes fritt av alle depotinstitusjoner som oppbevarer kommunale arkiver. Hftet er laget av IKA Hordaland med støtte fra Arkivverket gjennom arkivutviklingsmidler.

Kommunekontaktordninga

Gjennomføring av krava og intensjonane i arkivlova og forskrifta krev tett oppfølging og høg samt spesialisert kompetanse. Som ei del av basistenestene får kvar deltakarkommune sin eigen faglege rådgjevar som skal føl dei opp.

Kommunekontaktane føl opp kommunar som får tilsyn frå Arkivverket. I 2021 fekk Bømlo, Kvam og Tysnes kommune tilsyn og det vart gjeve råd og rettleiing om korleis en skulle rette pålegga frå Arkivverket.

I skrivande stund har, og Vaksdal og Eidfjord (2020) Austevoll, Fedje, Osterøy, Samnanger og Stord (2019) Jondal, Radøy, Sund, Voss, Fjell, Odda, Os, (2018) Lindås og Askøy (2017) fått tilsyn og er gjeve pålegg. Dette utgjer nær 80% av kommunane i tidlegare Hordaland mot vel 40% av kommunane i tidlegare Sogn og Fjordane.

Tabell 4 Nøkkeltall basistenestene

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Rådgjevingssaker	156	85	58	-27
Generelle saker (administrasjon og felles)	98	121	143	22
Artikler sosiale media	122	75	52	-23
Publikasjoner, artikler tidsskrift & aviser	3	8	8	0
Kompetansetiltak, møter, webinar o.l.	5	4	7	3
Deltakere på våre kompetansetiltak	453	90	152	62
Arkivtilsyn der vi har delteke	5	2	3	1
Antall besøk på sosiale media og nettsider	10963	16962	na	

Seminar og kursverksemda

Gjennom året har vi helde 6 faglege arrangement med til saman 152 deltakarar. Pandemien gjorde at alle arrangementa våre var digitale.



Depottenestene

Depottenestene er tenesteavtalar som omfattar sikring og formidling av både analoge og digitale arkiv. I følgje arkivforskrifta § 18, skal alle kommunar ha ei depotordning. I 2022 vil alle 24 eigarkommunane bruke oss som si depotordning.

Spesialrom for arkivdepot, digitalt sikringsmagasin og depotkapasitet

Arkiverket sine tilsyn syner at det framleis er behov for forskriftsmessige arkivlokale sjølv om utviklinga går i retning av digital arkivskaping. Trygg lagring og forskriftsmessige lokale gjeld uavhengig om formatet er papir eller digitalt.

Gjennom tenesteavtalane med oss får kommunane datalager og spesialrom for arkiv som skal tilfredsstillе NS-ISO 11799:2015 for eldre og avslutta arkiv. Minimumskravet i forskrifta seier at arkiva som vart skapt før 1992, samt arkiv frå alle nedlagde kommunar no skal vere deponert. Status no er at 18 av 24 kommunar er innafor forskriftskravet.

I løpet av året, vart magasinkapasiteten utvida med nye 3000 arkivhyller. Dette gjorde at eigarkommunar kunne utvide tenesteavtalane. Fleire kommunar plasserte bortsett arkiv, eller arkiv yngre enn 1992 i godkjende lokale. Det er og satt i gang ei kartlegging for å avdekkje behova for nye lokale og kva mengd papirarkiv som står att i kommunane.

Tabell 5. Nøkkeltall Depottenestene

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Tilvekstar (aksisjon) hm	1766,7	2166	1303	-863
Tilvekstar (aksisjon) antall	39	22	13	-9
Tilvekst (aksisjon) uttrekk	11	3	41	1266 %
Bestand av papirarkiv (hyllemeter)	8917	10562,8	11928	12,0 %
Bestand av digitale arkiv (arkivpakker)	115	118	159	+ 41
Ledige hyllemeter i magasin pr. 31.12.	1790	824	2609	+1785

Ifølge arkivforskrifta § 18, skal alle kommunar ha ei depotordning. Her skal ein oppbevare arkiv eldre enn 25-30 år. Arkiva skal vere ordna og registeret før dei kan deponerast. Om arkiva er ute ad administrativ bruk, kan dei leverast til bortsetjing. Det skal då føreligge ei avtale om ordning.

Vi arbeider med å utvide kapasiteten i tråd med bestillinga frå kommunane og disponerer i dag over 12 000 meter lokale som stettar krava i lova og forskrifta.

Bestand og katalog

Vi nyttar ASTA og Arkivportalen som fagsystem for å løyse kravet kommunane har i forhold til register over bestand og katalog. Data frå registera vert brukt i nasjonale statistikkar og i arbeidet med å digitalisere arkiv og gjere desse søkbare for eksempel via Digitalarkivet.

Tabell 6. Nøkkeltall bestand og katalog

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Arkiv registeret i ASTA	3700	3993	4284	7,3 %
Registrerte arkivstykker, ASTA	73674	89064	109221	22,6 %
registeret mapper, ASTA	420438	490636	625511	27,4 %
Publiserte arkiver, Arkivportalen	2228	3202	3520	10 %
Publiserte arkivstykker, Arkivportalen	36496	62495	71914	15 %
Publiserte mapper, Arkivportalen	55136	140390	178596	27,2 %

Gjenbruk av data gjev treff på arkiv, serie saksnivå og mappetittlar. Publikum får dermed få lettare tilgang til arkiva, t.d. gjennom lesesal eller scan on demand. Sakshandsamarar kan og søke i katalogen og få betre treff og dermed redusere tida på sakshandsaming av innsyn.

Innsyn i arkiva

Vi har satt oss eit mål om at vi skal klare å levere innsyn digitalt innan 1-3 virkedagar frå vi mottar bestillinga. I løpet av eit år, auka talet på innsynsførespurnadar med 32%. Innsyna er og meir omfattande enn før noko som fører til at vi må bruke meir tid til innsyn. Sjølv om vi har endra organisering slik at vi har fleire ressursar som sakshandsame innsyn i arkiva er det krevjande å møte dei aukande krava.

Tabell 7. Nøkkeltall saksbehandling og innsyn

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Innsynsaker i papirarkiva	523	561	746	32 %
Besøk på lesesalen	28	15	10	-18 %
Timer brukt til innsyn	887	880	1331	51 %
Tidsbruk pr. innsyn (timer og minuttar)	1,41	1,34	1,47	13,8 %
Antall sider tilgjengeleg via Digitalarkivet	9050	116950	623000	437%
Besøk på våre kjelder i Digitalarkivet	na	82 000	147000	79 %

Digitalisering av kulturarva

Ålmann tilgang til arkiva som informasjonsskjelder kviler på FNs bærekraftsmål om rettar for den enkelte innbyggjar. Sidan Digitalarkivet (DA) vart opna for oss som tenestetilbydar, har vi gjennom avtalen med Arkivverket formidla digitiserte kommunale arkiv, eldre en 100 år og publisere desse til alle.

Riksrevisjonens si undersøking av digitalisering av kulturarva, Dokument 3:4 (2016-2017) slo fast at ein svært liten av kulturarva som dei kommunale arkiva representerer er digitisert og gjort tilgjengeleg for publikum. Det nasjonale målet er et 10% skal vere digitisert innan 2029. Så snart utviklingsarbeidet er ferdig er målet er då å setje dette i drift.

Digitalarkivet som innsynsløysing

For å møte tidskrava, er det satsa på digitisering og publisering på Digitalarkivet. Det er etablert skannelinjer og investert i nye skannere som er raskare og kan ta unna større volum. Det gjer at vi i løpet av 1 år har auka volumet arkiv som no er digitalt tilgjengeleg via Digitalarkivet med over 400% noko som gjer oss til den største interkommunale aktøren på Digitalarkivet. Det viser og att på besøksstatistikken som er opp nær 80%. frå fjoråret.

I løpet av neste år, vil skannelinjene bli operative og ein planleggar å gå i drift. Det betyr at digitisering av kulturarv kan inngå som ein del av tenestene ein får gjennom depotavtalane.

Skanning av bygningsrådet – effektivisering av saksbehandlinga

Gjennom sommeren hadde vi et skanneprojekt vi kalte Bygningsrådet. Arkivmateriale etter Bygningsrådet var mye brukt og vi ynskte å gjere protokollane digitalt tilgjengelig. Dette bidrog til å redusere tida vi brukte på å handsame innsyn.

Ny skannelinje - DL mini 400

Gjennom samarbeid med Arkiv i Nordland, testa vi ut bruk av automatskanner DL 400 mini og korleis denne kunne brukast til å effektivisere digitaliseringa av kulturarva.

Vi anskaffa 01.06.21 ein tilsvarande skanner som kunne skanne 800-1000 bilder i timen. Vi utvikla skannelapper med strekkodar, og effektiviserte produksjonen.

Digitalisering av eigedomsarkiv

I løpet av fjoråret hadde 12 av våre eigarkommunar skanna sine eldre eigedom, byggesak, deling og gnr.bnr. arkiv. I tillegg var 3 kommunar under planlegging. Gevinsten av dette er attfinning, meir effektiv digital sakshandsaming og at arkiva ikkje går tapt ved utlån av papirmappene. I tillegg har kan skanna arkiv som det er bevaringspåbod på deponerast hjå oss og frigjere plass hjå kommunane. I dag har vi 963,3 hyllemeter slike arkiv hjå oss.

Tabell 8. Digitiserte eigedomsarkiv i våre magasin

Alver	282,9
Askøy	193
Austrheim	64,7
Bjørnafjorden	149,8
Fedje	7,4
Kvam	140
Masfjorden	21,7
Modalen	7,2
Osterøy	63,6
Vaksdal	33,3
Total	963,6



Uttrekk til digitalt sikringsmagasin (DSM)

Alle kommunane er pålagt å deponere uttrekk av alle avslutta arkiv i NOARK og fagsystem til DSM. Ansvar for å produsere og deponere uttrekket kviler jf. arkivforskrifta § 18 på kommunedirektøren i kvar kommune.

Erfaringar viser at det er i det faktiske arbeidet med å få produsert uttrekka det skortar. Vi såg at uklare ansvarsforhold og forplikningar samt kunnskap har vore eit stort hinder for å få tatt att etterslepet og lukka pålegg frå arkivtilsyna. Saman med DigiNordhordland og 10 av våre eigarkommunar, samt ein innleigd konsulent, vart det difor satt i gang eit arbeide med å sjå på korleis vi kunne forbetre tenestene rundt digitalt sikringsmagasin.

Samstundes vart det satt i gang ein pilot med Arkivverket med mål om å nytte den nasjonale fellesløysinga som Arkivverket heldt på med å utvikle som sikringsmagasin. Det samla resultatet av desse to prosjekta vart, at vi no tilbyr uttrekk som ei teneste kombinert med ei tett oppfølging av dei enkelte kommunane gjennom kommunekontaktordninga. Dette grepet førte til at vi mottek 41 uttrekk mot 3 året før og bestanden av deponerte arkivpakker auka med 40% frå året før.

Då vi valte å gå for nasjonale fellesløysingar via Arkivverket, gjorde styret vedtak om å melde oss ut av Kommunenens Digitale ressurscenter (KDRS) frå og med 2023.



Oppdragstenestene

Oppdragstenestene omfattar arkivfaglege tenester som vert finansiert gjennom oppdragsavtalar eller arbeidsordre. Hjå oss er 5 årsverk knytt til oppdrag frå kommunane. Hovuddelen av oppdraga går ut på å ordne og katalogisere arkiv, samt og ta uttrekk av arkiv og fagsystem.

Arkiverket har dei siste 4-5 åra gjeve våre kommunar over 50 pålegg om planar, uttrekk, sikring og ordning av eldre og avslutta materiale. Det er eit krav om at kommunane må lage ein framdrift og finansieringsplan. Arbeidet skal som regel vere slutført innan 3 år etter at tilsynet har funne stad.

Tabell 9. Ordning og klargjering av arkiv til deponering

NØKKELTALL	2019	2020	2021	ENDRING
Ordna arkiv (hyllemeter)	1722,0	2206	2326	5,4 %
Avgrensa og kassert (hyllemeter)	140,4	330,9	352,2	6,4 %

Ordning og katalogisering reduserer behovet for nye magasin

Ansvarleg forbruk og produksjon å betre nytting av ressursane, er eit av FN sine bærekraftsmål og noko kommunane våre har forplikta seg til. Gjennom å ordne arkiva gjer vi dei ikkje berre meir tilgjengeleg, vi reduserer og mengda arkiv vi treng lokale til i framtida.

Alle arkiv skapt før 1950 er kommunane pålagt å bevare på papir. Hovuddelen av dette arbeidet vart slutført i 2015. I løpet av dei siste åra er katalogane gjort digitale og søkbare tilgjengeleg på arkivportalen.

Vår erfaring er at for kvar meter vi ordnar går 15-20 cm bort i arkivavgrensing, kassasjon og komprimering. Dei siste årene med ordningsarbeide, har redusert mengda som skal lagrast for ettertida med nær 2 kilometer. I eit livsløpsperspektiv betyr dette innsparingar både i kroner og i miljø sidan det ikkje då er nødvending med store utbyggingar.

2021

ÅRSRAPPORT

INTERKOMMUNALT ARKIV
I HORDALAND IKS